

MØTEPROTOKOLL - KONTROLLUTVALET I SKJÅK KOMMUNE

Møtedato	Tid	Møtestad
Mandag 9. desember 2024	Kl. 13.00-16.00	Kommunestyresalen

Til stades på møtet:

Medlemmar:	Arnfrid Austin (leiar), Eldar Oddbjørn Eggen (nestleiar), Anna Kvåle, Torgeir Ødegård, Margrethe Øvrelid.
Varamedlemmar:	
Andre:	Elin Marit Andgard, sekretær i SKNG Astrid Haga, Innlandet Revisjon IKS Ivar Bø, kommunedirektør (sak 27/24) Kristen Haugen Dagsgård, fung. ordfører Leiargruppe, sjå sak 27/24

Saker som vart handsama:

Sak 23/24	Oppdragsavtale 2025 med Innlandet Revisjon IKS
Sak 24/24	Forenkla etterlevelseskontroll med økonomiforvaltninga 2023
Sak 25/24	Overordna revisjonsstrategi for 2024
Sak 26/24	Protokoll og referatsaker
Sak 27/24	Orienteringar
Sak 28/24	Bestilling, handsaming og oppfølging av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Andre opplysningar:

Møteinncalling:	22. november 2024
Møteleiar:	Arnfrid Austin
Referent:	Elin Marit Andgard, sekretær SKNG

Underskrift:

Vi stadfester med vår underskrift at det som er ført i saksnummer 23-28/2024 er i samsvar med det som vart vedtatt i møtet.

Eldar Eggen, Torgeir Ødegård, Arnfrid Austin, Margrethe Øvrelid

Utskrift:

Protokoll fra kontrollutvalsmøtet går til: Kommunen, kontrollutval-medlemmer, Innlandet Revisjon IKS og SKNG si heimeside.

Møtedato:	Journalnr.:	Saksnr.:	Saksbehandlar:
09.12.2024	340/2024	23-28/2024	Elin Marit Andgard, SKNG

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Sak 23/24 Oppdragsavtale 2025 med Innlandet Revisjon IKS

Vedlegg

- Oppdragsavtale revisjon 2025 mellom kontrollutvalget i Skjåk kommune og Innlandet Revisjon IKS (utkast)

Bakgrunn

Kontrollutvalet skal sjå til at det blir utført regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll (jmfør kommunelova § 23-2).

Kommunen har valgt Innlandet Revisjon IKS som revisor. Kommunen er medeigar av selskapet og samarbeidet er regulert i ei selskapsavtale.

I samsvar med selskapsavtala inngår kontrollutvalet årleg oppdragsavtale med revisjonen. Avtalen fungerer som eit overordna dokument mellom kontrollutvalet som oppdragsgjevar/bestillar og Innlandet Revisjon IKS som utførar. Avtalen skal bidra til å innfri kravet til kontrollutvalet om å sjå til at kommunen har ein forsvarleg revisjonsordning og at revisjonsarbeidet er i tråd med lovverk og faglege standardar.

Innlandet revisjon IKS har lagt fram forslag til oppdragsavtale (vedlagt saka).

Fakta

I følgje selskapsavtala skal kommunen bestille alle lovpålagte revisjonstenester frå revisjonsselskapet og dei skal levere tenestene til sjølkost.

Avtala har ein timepris på regnskapsrevisjon på kr 1250 og gjennomsnittleg timepris på forvaltningsrevisjon på kr 1380. Timesatsane er vedtatt av representantskapet i revisjonsselskapet 20.11.24.

Utkast til oppdragsavtale baserer seg på kontrollutvalets budsjettforslag samt at revisjonen har foreslått ein auke på 2 timar til møter, totalt 762 timar fordelt på:

Regnskapsrevisjon	445 timar	inkl. attestasjonar, veiledning
Forvaltningsrevisjon	300 timar	inkl. eigarskapskontroll
Møter	17 timar	møter i kontrollutval og kommunestyre

Den framlagte oppdragsavtala for 2025 innebærer kostnader på kr 993.710.

Vurdering

Alle tenester som er lista opp i avtala er lovpålagde oppgåver med unntak av "veiledning og bistand" og "andre tjenester".

Det er foreslått 445 timar til regnskapsrevisjon. I perioda 2020-23 var det variasjon i årleg bruk, med eit snitt på 416 timar. Kontrollutvalet har liten påverknad på timeforbruk til regnskapsrevisjon. Timebruk til forvaltningsrevisjon kjem an på bestilling, og dette bør samsvare mest mogleg med oppdragsavtalen, noko som er ein fordel for både kommunen (jamn utgift og aktivitet) og revisjonen (jamn inntekt og oppdragsmengde).

Kommunen betaler revisjon i tre terminer og revisjonen sender avrekning innan 31. januar det påfølgjande året. Kommunen betaler for medgått tid og det er ingen risiko for at kommunen betaler for timar den ikkje får/bestiller.

Sekretariatet tilrår kontrollutvalet å inngå framlagt oppdragsavtale med dei førehald som er med i forslag til vedtak.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet inngår oppdragsavtale for 2025 mellom Skjåk kommune og Innlandet Revisjon IKS med ei økonomisk kostnadsramme på inntil kr 993.710.
2. Avtala blir inngått under føresetnad av at kontrollutvalet sitt budsjettforslag for kontrollarbeid blir vedteke av kommunestyret.
3. Avtala blir signert på fyrste møtet i 2025.

Handsaming

Endringsforslag frå Arnfrid Austin: Punkt 2 i forslaget går ut og punkt 3 blir nytt punkt 2. Utvalet vedtok samrøysta forslaget med endringsforslaget.

Vedtak

1. Kontrollutvalet inngår oppdragsavtale for 2025 mellom Skjåk kommune og Innlandet Revisjon IKS med ei økonomisk kostnadsramme på inntil kr 993.710.
2. Avtala blir signert på fyrste møtet i 2025.

Sak 24/24 Forenkla etterlevelseskontroll med økonomiforvaltninga 2023

Vedlegg

- Uavhengig revisors attestasjonsuttalelse om etterlevelse i økonomiforvaltningen – oppstilling av kapitalvarer og dokumentasjon på bruk av kapitalvarer
- Nummerert brev nr. 1 – forenklet etterlevelseskontroll 2023
- Kundebrev 1/24 vedr. forenkla etterlevelseskontroll

Bakgrunn

Kontrollutvalet skal sjå til at det blir gjennomført kontroll med den økonomiske forvaltninga, jamfør kommuneloven § 23-2. Revisor skal utføre denne kontrollen i samsvar med kommuneloven § 24-9 og avgje revisjonsuttale innan 30. juni til kontrollutvalet.

Innlandet Revisjon IKS har oversendt uavhengig revisors attestasjonsuttalelse om etterlevelse i økonomiforvaltninga og nummerert brev etter gjennomført kontroll. Revisor vil være til stades i møtet og orientere om gjennomføring av kontrollen, funn og oppfølging.

Sekretariatet har brukt NKRFs "veileder for kontrollutvalgets behandling og oppfølging av nummererte brev fra regnskapsrevisor" for å skrive saken og dialog med revisor.

Fakta

Formålet med forenkla etterlevelsekontroll er å sikre at kommunen sin økonomiforvaltning følgjer lovverk, standarder og vedtak på området. Kontrollen blir utført innanfor avgrensa ressursramme.

Kontrollen skal være grunngjeve i ei risiko- og vesentlegvurdering, som revisor la fram for kontrollutvalet i overordna revisjonsstrategi 24. november 2023, jamfør sak 23/23.

Innlandet Revisjon IKS har utført forenkla etterlevelseskontroll med økonomiforvaltninga og attestasjonen er gjeven innan fristen. Revisor har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, i samsvar med kommuneloven og revisjonsstandarder.

Revisor har etter gjennomført kontroll oversendt attestasjonsuttalelse og nummerert brev. Etter kommuneloven § 24-7 pliktar revisor å ta opp vesentlege høve ved den økonomiske internkontrollen og sende melding om dette som nummererte brev til kontrollutvalet med kopi til kommuneleiinga. Vidare skal revisor gje skriftleg oppsummering til kontrollutvalet om forhold som er tatt opp, men ikkje tilstrekkeleg retta eller følgt opp.

Kontrollutvalets ansvar med nummererte brev følgjer av kommuneloven § 23 og forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3. Kontrollutvalet skal sjå til at dei høve revisor peiker på etter kommuneloven § 24 punkt 7-9, blir retta eller følgt opp. Dersom det ikkje skjer, skal kontrollutvalet rapportere dette til kommunestyret.

Revisor har for 2023 kontrollert etterlevelse av bestemmelser som gjeld for oppstilling av kapitalvarer og dokumentasjon på bruk av kapitalvarer, jamfør kapittel 9 i merverdiavgiftsloven med tilhøyrande forskrift og forskrift om kompensasjon av merverdiavgift til kommuner, fylkeskommuner mv.

Kontrollen har sett på om kommunen har:

1. etablert rutiner for oppstilling av kapitalvarer i tråd med krav i «Forskrift til merverdiavgiftsloven» § 9-1-2,
2. framstilling av kapitalvarer som er ferdigstilt de fem siste årene innanfor områdene skolelokaler, helse, omsorgsboliger og vann og avløp,
3. dokumentasjon på bruk av de samme kapitalvarene, jf. krav i «Forskrift til merverdiavgiftsloven» § 9-1-3,

4. dokumentasjon for bruken av bygg som helt eller delvis leies ut
5. rutine på dokumentasjon av bruk av helse og omsorgsboliger, herunder om kommunen har kobling til vedtak inntatt i regnskapet.

Etter gjennomført kontroll, skriver revisor i sin attestasjonsuttalelse:

"Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis kan vi ikke konkludere med at kommunen i det alt vesentlige har etterlevd bestemmelsene som gjelder for oppstilling av kapitalvarer og dokumentasjon på bruk av kapitalvarer for to av de fem undersøkte forholdene.

For tre av de undersøkte forholdene, punkt 2, 4 og 5, har vi ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at Skjåk kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd bestemmelsene som gjelder for oppstilling av kapitalvarer og dokumentasjon på bruk av kapitalvarer."

Revisor presiserer at uttalen er utarbeida for å gje kontrollutvalet betre grunnlag for å ivareta sitt påsjå-ansvar med økonomiforvaltninga og til kommunens informasjon, og skal ikkje nyttast til andre formål.

I nummerert brev nr 1-2024 kjem revisor med følgjande tilråding:

"Kommunen anbefales å etablere rutiner og internkontroll som sikrer etterlevelse av regelverket for merverdiavgift, oppstilling av kapitalvarer jf. § 9-1-2 Registrerings- og dokumentasjonsplikt mv. ved anskaffelse og framstilling av kapitalvarer, herunder oppbevaring av dokumentasjonen i fem år etter siste år i justeringsperioden.

Kommunen anbefales videre å etablere rutiner og internkontroll som sikrer etterlevelse av § 9-1-3 Registrerings- og dokumentasjonsplikt mv. ved bruk av kapitalvarer."

Vurdering

Revisjonen har i sin kontroll av økonomiforvaltninga gjort funn som har resultert i nummerert brev. Kontrollutvalet skal sjå til at nummererte brev blir følgt opp, slik at kommunen endrar praksis og innfører dei rutinene som revisor tilrår.

Mange kommuner har etter denne kontrollen fått nummerert brev. Nummerert brev i samband med forenkla etterlevelseskontroll vil skje oftare, i og med at revisor skal sende nummerert brev når det ikkje er rein revisjonsuttale. Det betyr også at det er mange ulike grader av alvorlegheit ved nummerert brev.

Revisor har følgt opp det nummererte brevet med eit kundebrev med omtale av regelverket og tilrådingar. Utover det, vil revisor følgje opp ved attestasjon av meirverdikompensasjon og høyre kva kommuneleiinga orienterer om rutiner og status ved oppstartsmøtet neste haust.

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber administrasjonen orientere om kva dei gjer med funn og tilrådingar, og det skjer til våren slik at dei har hatt tid til å utforme rutiner. Det er truleg tilstrekkeleg med muntleg orientering i møte, men kontrollutvalet kan vurdere om dei ynskjer skriftleg attandemelding i forkant av møtet.

Det nummererte brevet blir ikkje vurdert til å være av slik risiko, at det er naudsynt med rapportering til kommunestyret, men at det blir nemnt i kontrollutvalets årsmelding.

Dersom kommunen ikkje følgjer opp revisors tilrådingar i tilstrekkeleg grad, må kontrollutvalet følgje opp med rapportering til kommunestyret.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet merker seg revisors konklusjon etter forenkla etterlevelsesk kontroll av økonomiforvaltninga 2023 og innhald i nummerert brev nr 1-2024 der kommunen får konkrete tilrådingar for å betre praksisen.
2. Kontrollutvalet ber administrasjon orientere om korleis revisjonens funn og tilråding er følgt opp, og at det skjer i samme møte som kontrollutvalet handsamer kommunens regnskap.

Handsaming

Regnskapsrevisor Astrid Haga frå Innlandet Revisjon IKS orienterte om gjennomføring av kontrollen, funn og oppfølging samt svarte på spørsmål.

Vedtaket var samrøysta.

Vedtak

1. Kontrollutvalet merker seg revisors konklusjon etter forenkla etterlevelsesk kontroll av økonomiforvaltninga 2023 og innhald i nummerert brev nr 1-2024 der kommunen får konkrete tilrådingar for å betre praksisen.
2. Kontrollutvalet ber administrasjon orientere om korleis revisjonens funn og tilråding er følgt opp, og at det skjer i samme møte som kontrollutvalet handsamer kommunens regnskap.

Sak 25/24 Overordna revisjonsstrategi for 2024

Vedlegg

- Hovedtrekkene i overordnet revisjonsstrategi for 2024

Bakgrunn

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunens regnskaper blir revidert på ein betryggande måte (jamfør kommuneloven § 23-1) og kontrollutvalet må være løpande orientert om revisjonsarbeidet (jamfør forskrift for kontrollutvalg og revisjon § 3). For å innfri desse krava, må kontrollutvalet ha kunnskap om kva revisjonsarbeidet omfattar.

I samsvar med oppdragsavtala, har Innlandet Revisjon IKS utarbeida overordna revisjonsstrategi som blir lagt fram for kontrollutvalet slik at kontrollutvalet er informert

om revisjonsoppdraget. Regnskapsrevisor deltek i kontrollutvalsmøtet og presenterer revisjonsstrategien.

Fakta

Oppdragsavtala mellom kommunen og revisjonen har eit punkt om dialog (punkt 8):
«Innenfor regnskapsrevisjonen skal revisor søke å sikre at kontrollutvalget får en god forståelse av revisjonsmandatet, planlagte revisjonshandlinger samt resultatet av gjennomførte revisjonshandlinger.»

Revisjonsstrategien omtalar risiko- og vesentlegvurdering, revisjonens innhald, tidsplan, metodikk og angrepsvinkel og utarbeiding av revisjonsplanen.

For Skjåk kommune har revisjonen identifisert følgjande risikoområder:

- Offentlige anskaffelser (2019)
- Selvkost (2020)
- Vederlag for langtidsopphold i institusjon (2021)
- Offentlige innkjøp og avtalelojalitet knyttet til rammeavtaler (2022)
- Merverdiavgiftslovens krav til dokumentasjon av anskaffelser og framstilling av kapitalvarer - Justeringsreglene i merverdiavgiftsloven (2023)
- Attestasjons- og anvisningskontroll (2024)

Vurdering

Revisjonsstrategien blir lagt fram for kontrollutvalet om hausten slik at utvalet er kjent med korleis regnskapsrevisjonen vil gå føre. Revisjonsstrategi er revisors faglege vurderingar som kontrollutvalet ikkje kan overprøve. Kontrollutvalet kan eventuelt komme med tilleggsbestillinger innan regnskapsrevisjonen som det ynskjer spesiell merksemd på.

Hovedtrekka er ein overordna plan. Kontrollutvalet bør være særskilt interessert i det som omhandlar risiko- og vesentlegvurderingar og eventuelle risikofaktorer. Revisor vil i møtet forklare kva som ligg bak desse vurderingane. Dersom det oppstår spesielle utfordringar eller endringar, vil revisjonen orientere kontrollutvalet om det.

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet tek strategien til orientering, og bruker møtet til dialog med regnskapsrevisor for å få mest mogleg innsikt i regnskapsrevisjonen.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek hovedtrekka i overordna revisjonsstrategi for regnskapsrevisjon 2024 til orientering.

Handsaming

Regnskapsrevisor Astrid Haga frå Innlandet Revisjon IKS presenterte revisjonsstrategien og svarte på spørsmål.

Vedtaket var samrøysta.

Vedtak

Kontrollutvalet tek hovedtrekka i overordna revisjonsstrategi for regnskapsrevisjon 2024 til orientering.

Sak 26/24 Protokoll og referatsaker

Saksopplysninger

- **Protokoll 24. oktober 2024**

Møteprotokollen var utsendt 29.10.24. Sekretariatet har ikke motteke noen merknad til protokollen.

- **Referatsaker**

- **"Bernt svarer"**

Spørsmål og svar fra spalta "Bernt svarer" i Kommunal Rapport i perioda 8.10-11.11.

- **Eventuelt / ope post**

- Evaluering og status etter første året i valperioda
- Årsplan 2025 – utkast
- Møte- og reisegodtgjersle

Forslag til vedtak

Protokoll frå kontrollutvalsmøtet 24. oktober 24 er godkjent.
Referatsaker er teke til orientering.

Handsaming

Utvalet gjekk gjennom

- Evaluering og status etter første året i valperioda
- Årsplan 2025
- Henvendelse til sekretariatet om habilitet

Vedtak

Protokoll frå kontrollutvalsmøtet 24. oktober 24 er godkjent.
Referatsaker er teke til orientering.

Utvalets uttale vedrørande henvendelsen om habilitet:

"Kontrollutvalet i Skjåk har vore kjent med at sekretær har meldt seg inhabil og ikke deltatt i handsaming av saken om revisjon av NGR."

Utvalet ber sekretariatet svare på henvendelsen med kopi til kommunen.

Sak 27/24 Orienteringar

Bakgrunn

Orienteringar er eit av kontrollutvalets verktøy for å føre kontroll med kommunen. Gjennom orienteringar blir utvalet kjent med kommunens verksemd og kan på bakgrunn av desse vurdere om det er behov for oppfølging.

Det er viktig at kontrollutvalet følgjer med på tilsyn fra andre instansar, m.a. skal forvaltningsrevisjoner og tilsyn koordinerast. Kontrollutvalet kan vurdere om tilsyn er tema på kvart møte eller årleg, samt i forkant av bestilling av forvaltningsrevisjon.

Fakta

Det er bede om at kommuneadministrasjonen orienterer om følgjande tema:

- Tilsyn 2024 med resultat og lukkeplan
- Status og revidering reglement

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringane til etterretning.

Handsaming

Kommuneadministrasjonen orienterte om:

- Gjennomførte tilsyn i 2024 ved kommunedirektør Ivar Bø og leiargruppa (Roger Johansen, Inger Helene Brandsar, Kari Anne Skjåk, Elin Bakke, Ida Byre).
- Status for revidering av reglement ved kommunedirektøren.

Vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringane til etterretning.

Sak 28/24 Bestilling, handsaming og oppfølging av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Bakgrunn

Kontrollutvalet skal sjå til at det blir utført forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll og at kommunestyrets vedtak ved handsaming av revisjonsrapporter blir følgt opp.

Denne saka handlar om utvalets prosess i bestilling og handsaming. Samt om oppfølging av gjennomførte revisjonar, når kan kontrollutvalet "sette strek"?

Sekretariatet vil informere om alternative prosessar og dialogen med revisjonen.

Fakta

Lovgrunnlaget om forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll er kommuneloven § 23 og forskrift om kontrollutvalg og revisjon §§ 4 - 5.

I tillegg har NKRF og FKT saman utarbeida rettleiar om bestilling, handsaming og oppfølging av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll (sjå nkrf.no og fkt.no)

Bestilling av prosjekt skjer vanlegvis ut frå kontrollutvalets plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, som er basert på risiko- og vesentlegvurdering.

Forvaltningsrevisjon og tilsyn skal være samordna.

Det er gjennomført følgjande forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar i kommunen
2018: Selvkost og oppfølging av vedlikehold/investeringsbehov

2022: Helsesamarbeid NGLMS

2024: Nord-Gudbrandsdal Renovasjon IKS

2024: Kommunens eigarskap i Nord-Gudbrandsdal Renovasjon IKS

2025: Informasjonstryggleik i kommunen (rapport blir levert januar-2025)

Vurdering

Det er viktig å ha gode prosessar i samband med bestilling av prosjekt for at resultatet skal bli best mogleg. Formålet med forvaltningsrevisjon er læring og forbetring, og det er viktig at kontrollutvalet påser at kommunestyrets vedtak blir følgt opp, samt sette sluttstrek for utvalets arbeid.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet slutter seg til tilrådingane i rettleiaren frå NKRF og FKT om bestilling, handsaming og oppfølging av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Handsaming

Sekretariatet informerte om alternative prosessar og dialog med revisjonen.

Vedtaket var samrøysta.

Vedtak

Kontrollutvalet slutter seg til tilrådingane i rettleiaren frå NKRF og FKT om bestilling, handsaming og oppfølging av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.